


# Årsmelding 2016

for

Selje kyrkjelege fellesråd



Selje kyrkjegard



Overbygg sakrestiet Leikanger



Ervik kyrkje



## **Selje kyrkjelege fellesråd**

Kyrkjeleg fellesråd er eit felles organ for sokna, og eit kyrkjeleg organ forplikta på føremålsparagrafen ein finn som § 1 og § 28 i kyrkjelova. I kyrkjeleg fellesråd sit det representantar frå sokneråda i tillegg til ein prest og ein representant oppnemnd av kommunen. Kyrkjelova slår fast at det er nokre oppgåver sokna skal samarbeide om gjennom dette felles organet. Kyrkjeleg fellesråd har sin eigen «hovudparagraf» i kyrkjelova (kl §14) som seier kva som er føremålet med rådet, og kva oppgåver det har.

- **Fellesrådet:**

- Sørgjer for rammevilkåra for sokna i kommunen Vedtek mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen og forvaltar statlege og kommunale tilskot og styrer planprosessar
- Forvaltar kyrkjer og gravplassar/ kyrkjegardar
- I varetek sokna sine interesser overfor kommunen
- Samarbeidsorgan for sokna

### **Selje kyrkjelege fellesråd har vore samansett slik:**

**Selje:** Doris Hammersvik og Anne-Helen Espeseth  
Vara: Marilyn Osmundsvåg og Gunn Lillesalt

**Leikanger:** Ove Magnus Årvik og Leif Johnny Prestvik  
Vara: Randi Hildur Hoddevik og Fredrik Hovden Borgund

**Ervik:** Kirsti Stave Stevik og Åge Jon Ervik  
Vara: Magnar Barmen og Sylvi Olsson

Sokneprest Kari Leine Balog sitter i fellesrådet.

**Kommunal representant:** Gunn Helgesen Vara: Hanne Marie Utvær

**Leiar:** Doris Hammersvik

**Nestleiar:** Kirsti Stave Stevik

**Kyrkjeleg adm.utval:** Anne Hele Espeseth leiar, Åge Jon Ervik og Ove Magnus Årvik Vara: Leif Johnny Prestvik. Per S. Røyset frå tilsette.

**Forhandlingsutval:** Doris Hammersvik leiar, Anne Helen Espeseth, Åge Jon Ervik og kyrkjeverja

**Arbeidsutval:** Arbeidsutvalet er delt i tre slik at det er dei to frå kvart sokn som vert kontakta på lokale saker dersom det er nødvendig.

**Selje kyrkjelege fellesråd hadde 5 møter og handsama 34 saker i 2016.**

Administrasjonsutvalet har hatt 1 møte.

## **Personale**

Det har ikkje vore endringar i den faste staben.

Kyrkjeverja Nanda Maack har vore ute i svangerskapspermisjon fram til 01.09.2016.

I den perioden har Målfrid Støvreide vore tilsett som kyrkjeverje (vikariat100%)

Då Nanda har vore delvis sjukmeldt har Målfrid Støvreide halde fram som vikar. Randi-Marie Røyset, Roar Finseth har jobbet etter timeliste på kyrkjegardane i 2016.

### **Stillingsheimlane til fellesrådet er slik:**

Kyrkjeverje. Kyrkjeverje vikar	Nanda Maack. Målfrid Støvreide	100 %
Kyrkjetenar i Selje kyrkje.	Doris Hammersvik	Ca.21,00 % (tilsett etter timeliste)
Reinhaldar i Selje kyrkje	Doris Hammersvik,	Ca.13,00 % (tilsett etter timeliste.)
Kyrkjetenar i Leikanger kyrkje.	Helge Borgund	Ca.12,00 % (tilsett etter timeliste)
Reinhaldar i Leikanger kyrkje	Helge Borgund	Ca.8,00 %. (tilsett etter timeliste)
Kyrkjetenar i Ervik kyrkje	Magnhild Stave.	9,00 %
Reinhaldar i Ervik kyrkje	Magnhild Stave	5,13 %.
Organist i alle kyrkjer	Jon Inge Sigerland.	100 %.
Kateket		100%. (75% er ledig)
Kyrkjelydspedagog	Eline Sandnes	25% av kateketstillinga
Trusopplærar	Eline Sandnes	30% (5% kateket ledig)
Kyrkjegardsarbeidar	Per S. Røyset	100%.
Kyrkjegardsarbeidar		50%. (Ledig). Ein del vert utført etter timeliste.

Soknepresten Kari Leine Balog er tilsett og lønna av Bjørgvin bispedommeråd og høyrer også til staben.

Ein del av det som ligg til desse stillingane vert gjort av timelønte og frivillige.

På grunn av den stramme økonomien har dei ledige stillingane stått ledig.

Det gledelege er at i august kunne vi lyse ut den ledige kateketstillinga i 50% stilling med muligheter for utviding. Det melde seg fleire søkjavarar og Beate Folkestad Osdal er tilsett som kateket frå 1.august 2017.

Det økonomiske grunnlaget for stillinga vart sikra for komande år med midlar frå disposisjonsfondet 25650000, bunde fond trusopplæring 441. Det er ynskjeleg å kunne utvide stillinga og det vert arbeidd med å skaffe inntekter til trusopplæringa.

## RESULTATMÅL FOR ÅR 2016

Kyrkjebygg og gravplassar skal vera ei verdig ramme kring kyrkjelege handlingar og annan aktivitet som kjem inn under kyrkja si verksemd.

Dei skal ha ein praktisk funksjon og bli forvalta på ein forsvarleg og tenleg måte.

Selje kyrkjelege fellesråd driv ei verksemd som på ulike måtar har alle ca. 2752 innbyggjarar som målgruppe.

Kyrkjene har vore i bruk til gudstenester, gravferd, bryllaup, dåp, konfirmantundervisning, babysong, trusopplæring, korøvingar, konsertar og andre aktivitetane som kyrkjelyden, presten, biskopen og sokneråda har hatt ynskje om.

### Statistik

	2014	2015	2016
Søndagsgudstenester	67	64	81
«andre gudstenester»	15	10	
Deltakarar ved gudstenestene	5306	5064	5563
Døypte	33	26	30
Konfirmantar	40	35	30
Vigsel	8	6	7
Gravferd	25	22	32
Offer Til eige arbeid Innsamla, gåver, basarar messe Til eige arbeid	?	15321/54525	173476,- 52255,- 105290,- 60867

### Aktivitetar i 2016

Året 2016 har vore eit jubileumsår. Selje kyrkje med 150 års jubileum med start 22 april og Leikanger kyrkje feira 150 års jubileum i oktober.

Arrangementet for begge kyrkjene gjekk svært bra både økonomisk og elles. Det har vore mange positive tilbakemeldingar på arrangementet.

### Samarbeid med skule og barnehage

- Besøk av barnehage i kyrkja utanom gudsteneste: 5
- Besøk i barnehage: 5
- Besøk av skuleklasse i kyrkja utanom gudsteneste: 4
- Skuleklasser besøkte kyrkjene i forbindelse med jubileums utstillingen i Selje og skulen på Stad besøkte og Leikanger kyrkje i forbindesle med jubileum.
- Besøk i skuleklasse: 8
- Hausten 2016. Vandring gjennom Bibelen, for barn i 5. 6. og 7. klasse. Arrangeres 3 kvart år.

## Tilbod til born/ungdommer

- Søndagsskule i Ervik. Barnelag i Nordpollen. Speidargruppe på Flatraket. Prosjektkor i Selje, påskemusikal og julemusikal «Alle tiders historie».
- Baby- og småbarnssong i Selje, som tiltak i trusopplæringa.
- Lysvaken i Selje kyrkje.
- Seljadag for konfirmantene på Seljeøyna.
- Fasteaksjon tysdag for palmesøndag.
- Storfjord konfirmantene har komt på besøk til Selje to år på rad. De har vært godt tatt i mot av Eline m/følgje og fått med seg vandregudteneste på Seljeøyna.

## Konsertar

- Konsertar i regi av sokneråda: 8. Tal tilhøyrarar: 965.
- Konsertar i regi av andre: 9. Tal tilhøyrarar: 1302.
- Vår: Salmekveld i Ervik kyrkje, Konsert i forbindelse med kyrkjejubileet i Selje (april –mai). Til Jubileumsgudstenesten fikk vi til et fint fosangerkor. Sommar: Jon Inge hadde konsert med sine pianolever i Ervik i slutten av juni. Seljumannamessa hadde konsert 3. juli, Hele Bøksle og St. Hallvardguttene. Høsten: Konsert i forbindelse med kyrkjejubileet i Leikanger. Kistin og Mecky Wohlenberg og Terje Tjervåg inspirerende deltagere i tillegg til de lokale. Advent-Jul: Bremanger kammerkor og Sogndal songlag hadde konsert i Selje kyrkje. Frisk Bris hadde etter lengtet adventkonsert i Ervik 7. des. Helgesenkonsert hadde konsert 10. og 11. desember. Det var tradisjonelle julekonsertene i Selje og Lekanger siste uke før jul. Det var også salmekveld i Ervik i desember. 30. desember nyttårskonsert i Selje kyrkje. Jon Inge deltok periodevis med Frisk Bris både på julekonsert og andre konserter. Til gjengjeld vil de å stille med som forsangere i kyrkja så mye som mulig.

## Kurs for dei tilsette

- Medarbeidarsamling i januar.
- Kurs for fellesrådsmedlemmer vert 14.03.2016, kurset var obligatorisk for både nye og tidlegare fellesrådsmedlemmar.
- Kyrkjedag for Nordfjord laurdag 29. oktober, tema Bibelen sin aktualitet i kvar dag og daglegtale
- Medarbeidarsamling på Nordfjordeid med temaet «Kommunikasjon og relasjonsbygging, førebygging og handtering av konflikt».
- Søknadskurs for spelemiddlar til kulturygg og anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.
- Trosopplæringskonferanse i Oslo
- Den årlege vitjinga av prosten var 16.november. I forbindelse med vitjinga hadde vi møte med rådmann, ordfører og økonomisjef. Frå kyrkja kyrkjeverjene, soknep. og leiar fellesrådet Leiarane og nestleiarane i sokneråd og fellesråd + sokneprest og kyrkjeverje. Nanda hadde laga ein presentasjon av fellesrådet sit arbeide og behov for middlar til kyrkjebygg og gravplassar. Det var eit positivt møte. Leiarmøte med leiarane og nestleiarane i sokneråd og fellesråd + sokneprest og kyrkjeverje kl.1800 – 2000 på Stadlandet.

## Vegkyrkje i Ervik

Av økonomiske grunnar kunne vegkyrkja ikkje oppretthaldast i 2016. Vegkyrkje er eit eige konsept, som også kan sjåast i samanheng med tilbod til turistar, der ein gjer kyrkja synleg med si historie og sjåverdigheit.

Gje innbyggjarane, gjestar og turistar anledning til å oppleve og studere kyrkja sin arkitektur, kunst og som rom for gudsteneste.

Vegkyrkja har vist seg å vere eit svært populært tiltak, då mange turistar etterlyse å få kome inn i den heilt spesielle kyrkja på Ervik, ei open kyrkje for stillhet og meditasjon. Det er svært ynskjeleg at tilboden skal oppretthaldast i 2017.


## Servicebygget ved Ervik kyrkje

Då vi av økonomiske grunnar ikkje kunne halde open vegkyrkje i Ervik skapte dette utilfredsstillande toalettforhold ved servicebygget på sommars tid. Det er dagleg turistbussar som stoppar ved kyrkja og toaletta som vert flittig brukt treng dagleg reinhald. Det er lite kyrkjefolk som nyttar toaletta, derimot turistar som det er naturlig at reiseliv i kommunen syter for.

- Saka vart teke opp i møte med rådmann og Kristian Nave, kommunen fikk til ei avtale med lag i Ervik som ville ta på seg reinhald av toaletta ut året. Kommunen må ta høgde for denne saka i komande budsjettetthandsaming. Like eins må kommunen ta ansvar for sikring av gravplassen mot vegen til servicebygget.

## Ervik kyrkje

- Kledning på vestsida (mot sjøen) var malingslite og fleire stader såg trevirke ut til å vere morkna. Rolf Stave tok på seg oppdraget med reparasjon av veggan.



## **Leikanger kyrkje**

- Uveret Tor 30.01.16 gjore heldigvis ikkje store skader på nokon av våre bygningar men for skade på tårn og luke i tårnet. Mottok vi kr Kr. 23 520 i erstatning, bygningsskader (innbefattar også div. småskader på Selje kyrkje) Erstatning er sett på bunde fond til føremålet.
- Ny Innbrotsalarm er no på plass og teke i bruk kostnad kr.23000,-eks.mva Tilbodet frå Eid elektro vart valt Finansiering frå ubundne investeringsfond 25300002
- Det etterlengta overbygget på sakristiet med ny trapp sto ferdig i god tid før 150 års jubileum 20. oktober og vart retteleg fint. Helge Borgund måla det. Byggherre var Dragebygg. Finansiering 2530002 Ub.fond invs. Leik. (Sak 3/11)
- Reparasjon av vinduge er under arbeid. (arbeidsutvalet Leif Johnny og Ove Magnus jobbar med saken)
- Projektor og lerret er innkjøpt.
- 30 nye Norsk salmebok 2013.
- Alle lyspærer i lysekrunene er skifta ut med nye led-lyspærer og alle lysekronene har fått dimmarar .
- To av flomlysa ved kyrkja er skifta ut med led-lyspærer.
- Vedlikehald som reparasjon av løpar og stemming av orgel er også arbeid som er utført.

## **Selje kyrkje**

- Nytt lydanlegget er på plass i kyrkja, levert av firma Holko i Stryn, ca kr.79.000 Det var avsett i bunde fond, gav frå konsert 12/13 kr.21000,-Dei resterande kostnadane til lydanlegg vart finansiert frå 2530001 Ubunde investeringsfond- Selje
- Restaurering av alterringen Selje kyrkje. Soknerådet tok ut skinn og tilbehør. Møbelnsnikkar Rune Berger og Eva Silden Husevåg fikk oppdraget med å reparere alterringen, skammel og dei 2 brudestolane.
- Innbrotsalarm 26050,-, finansiering frå ubunde investeringsfond 25300001-Selje
- Reparasjon av 2 øydelagde lysestakar i sølvplett.
- Dei to siste prekestolkleda er komne på plass.

## Kyrkjegardane

Det er Selje kyrkjegard som står for tur til utviding. Det siste feltet på gamle gravplassen er allereie teke i bruk. Leikanger og Ervik har ledig kapasitet.

Endring av vedtekten for kyrkjegarden er sendt inn til biskopen for godkjenning.

Det er blant anna sterkt ynskje frå pårørande om å kunne få montere heile plater med utsparing for plantefelt.



Selje kyrkjegard etter uveret Tor

## Selje

- Uveret Tor 30.01.16 gjore heldigvis ikkje store skader på nokon av våre bygningar, men stormen velta/benda gravminne.  
Material frå eit nedblåst naust var spreidd utover gravplassen . Gjerdet vart delvis rive ned og måtte rettast opp. Vårt Forsikringsselskap Knif vart kontakta der skaden vart sett til kr.65000,- Egenandelen på naturskadeforsikringa vår i Knif Trygghet var på 50.000,- og vi sat att med ei erstatning på kr. Kr 14 400 for sjølve kyrkjegarden/hageanlegg.

Kyrkjegardsarbeidar Per Røyset såg igjen på skaden og reparerte gjerde så godt det lot seg gjere. Dei overskytande pengane er sett på bunde fond til utskifting av gjerde som bør skiftast rundt heile kyrkjegarden.

Daglege oppsyn, vedlikehald av gravminne, stell av graver og vedlikehald generelt er eit krevjande arbeid gjennom heile året. Sjølv med lite personale gjer våre tilsette ein svært god jobb som pårørande set pris på.

Kyrkjeverja Nanda jobbar med eit prosjekt Arbeidsskule for ungdommar.

Det kunne vere positivt for kyrkja å bidra med å få ungdommar i kommunen i aktivitet om sommaren og gi dei muligkeit til arbeidstrening. Vi har fleire jobbar innanfor kyrkja som ungdommar kunne gjere for eksempel på gravplassane, vegkyrkja, servicebygget i Ervik, open kyrkje. Samarbeid mellom kyrkja og andre i kommunen hadde været ønskjelegt.

## **Leikanger**

- Gjenbruk av felt G på kyrkjegarden er nu nesten ferdig. (Fyste byggetrinn av prosjekt 4). Alle gravminna er no komne på plass att og det er planta hekk på muren mot vegen.  
Den totale kostnaden med fyste byggetrinn får vi fyst når rekneskapen for 2016 er ferdig. Men er ein stad rundt 2,5 mill.
- Byggesteg 2 redskapsbod og HC-toalett er og ønskjeleg. Ei redskapsbod ville ha frigjort plass for utstyr som er lagra i redskapshuset i Selje der det er svært liten plass frå før, men med den økonomien kommunen har i dag ser vi ikkje føre oss det prosjektet dei fyste åra.

## **Andre aktiviteter**

- Givarteneste- det enkelte sokneråd tek seg av givartenesta i sine sokn. Informasjon om givarteneste i kyrkjebladet i mars/april 2017.
- Offer i kyrkja. Innføring av SPING/Vipps.
- Søndagskveld i Selje kyrkje.

## **Økonomi /budsjett**

Driftsbudsjettet for 2016 hadde ein balanse på kr. 4.306000,-

For å kunne yte dei tenestene som er forventa av Selje kyrkjelege fellesråd er vi avhengig av tilskot frå kommunen

I sak 14/15 vedtok Selje kommunestyre eit driftstilskot til Selje kyrkjelege fellesråd på kr. 2.700.000 Dette var ein reduksjon på 100 000,- frå 2015, då vi hadde eit overskot på kr. 380 000.

Tilskot frå Kyrkjerådet til trusopplæringa var også i år kr.240 000,-

**Rekneskapen for 2016 er ikkje ferdig før april, oppsettet er i forhold til vedteke budsjett. Investeringsbudsjettet for 2016 ligg ved (Økonomiplan for neste 4 år).**

Det er som tidlegare år personalkostnad som er dei største utgiftene  
Mange av våre ønske og behov måtte takast ut av budsjettet

Stillingane som:

Kyrkjegardsarbeidar, 50 % ledig.

Kateket i 100% , her har vi frå 01.aug tilsett i 50%

- Vegkyrkje, Ervik dette tilbode måtte av økonomiske grunnar gå ut også i 2016.
- Prosjekt og reperasjoner på dei enkelte kyrkjer som er utført i 2016 har vesentleg gått av tidlegare oppspart fond.
- Sjølve drifta av Selje kyrkjelege fellesråd meiner vi å ha drifta på ein ansvarleg måte der det som er pålagt at kyrkja skal yte av tenester er gjort også i 2016 Årsmeldinga og Den endelege rekneskapen vert lagt ut på vår nettside: <https://kyrkja.no/kyrkjene-i-selje>. Også tilgjengeleg på kyrkjekontoret

## **Til slutt.. som tidlegare år..**

Selje kyrkjeleg fellesråd er opptatt av å sikre gode rammevilkår for kyrkja si verksemد i kommunen. Fellesrådet vil hjelpe til og legge til rette for (ref. Kyrkjelova §14) at sokneråda kan nå dei mål som er sett for arbeidet deira (ref. Kyrkjelova §9). Dette ynskjer ein å oppnå ved å tilegne seg kompetanse og skape "aktivt engasjement og fornying" (Kyrkjelova §1) i kyrkja.

Fellesrådet ynskjer å styrke og vidareutvikle kyrkjene i Selje som ein god arbeidsplass, prega av tryggleik, trivsel, involvering, god motivasjon og samhald.  
Ha felles fokus gjennom å ta vare på medarbeidarane og gje høve til utvikling og vekst, både fagleg og personleg.

Selje 23.02.2017

Målfrid Støvreide  
&  
Nanda Macck  
-kyrkjeverje-

Doris Hammersvik

- leiar -